

Opnar døra for forandring

Med tredje generasjon bak spakane går den tradisjonsrike trevarefabrikken i Skånevik nye vegar for å vekse seg større.

ELIN B. ØVREBØ

Etter knappe to år som snekkarlarving tok Ragnar Knudsen hammaren fatt og starta opp sin eigen møbelproduksjon i ei gamal mølle på bygda i 1946. Saman med tre andre laga han blant anna soveromsmøbler, settebord, madrassar og både innvendige og utvendige vindauge til to hus. Laurdagen var ingen heilag fridag og det tok rundt tre år før dei kom opp i full lønn.

I 1953 vart det første byggetrinnet av det nye «Motormuseet» bygd, der sjefen sjølv hadde eit kontor på berre to kvadratmeter. Utover femtitalet vart det gradvis produserte meir vindauge og dører, og tiåret etter vart det i tillegg satsa kjøkkeninnreiing og garderober. Trappesnekkaren Lars Ebne frå Etne sørge for at fabrikk produserte trappar i fjorten år, fram til 1975.

Ny sjef i familien

Kontorplassen til soneson Roar Knudsen (25) har i dag mykje meir plass. Han sit på plass i fabrikk som vart bygd i Skånevik i 1968. Roar overtok styringa av bedrifta i 2007 då faren døyde. Eivind Knudsen hadde då styrt trevarefabrikken i nitten år.

Ragnar Knudsen Trevarfabrikk AS fungerer i dag utelukkande som ein dørfabrikk, men lagar av og til også litt vindauge. Årleg produserer dei rundt 7.000 dører, hovudsakleg til kontorinnreiing, til rundt 50 kundar.

Fabrikk har totalt ti tilsette, blant dei finn me både bror og mor til Roar. Sofie (49) har jobba på fabrikk i nærmare 30 år og har hatt både svigerfar og ekte-mannen sin til sjef. No er det eldsteguten som styrer bedrifta.

— Så lenge det ikkje går til hovudet på han, går det bra, ler ho og understrekar at det førebels er inga fare.

— Men det er sjølvstøtt litt spesielt å jobbe her gjennom tre generasjonar og ha tre sjefar frå min eigen familie. Eg begynte å jobba i produksjonen, men har dei siste åra tatt meg av fakturering, rekneskap, lønn og liknande, fortel ho.

Broren Stig (23) er utdanna tømrar og har ansvaret for produksjonen. Han trivst på golvet og har jobba der i tre år.

— Det er mange forskjellige oppgåver å ta seg til. Rulleringa av oppgåvene gjer at me aldri keiar oss på jobb, meiner han.

«Ein liten fis»

Sjefen Roar er utdanna automatikar, og innrømmer at det kriblar litt i hendene når det blir for lenge framfor datamaskina. Han er open om at bedrifta framleis er ein småaktør på den



No er det tredje generasjon som styrer sjappa, sjølv om mor Sofie får vere med. Frå venstre Stig og Roar Knudsen.

FOTO: ELIN B. ØVREBØ



På lageret finst det til einkvar tid rundt 1.000 dører som buffer.



Tom Bjørnsson sprayar den miljøvennlige målinga på dørene. Han har jobba der i ni år allereie.



Stig Knudsen (til høgre) har ansvaret for produksjonen i fabrikk. Her tar han i mot ei dør midt i prosessen saman med Rune Tungesvik.



norske dørmarknaden.

— Førebels er me ikkje større enn ein liten fis, med berre rundt ein halv prosent av den totale marknaden. Men det er ein bra stad å vere og eit godt utgangspunkt for meir vekst, meiner han og håper at den siste tidas innsats snart vil gje frukter til bedrifta.

Dei to siste åra har dei kursa seg sjølv gjennom prosjektet «Fram» frå Innovasjon Norge.

— Det tar for seg heile bedrifta og gjev oss viktige verkty for å utvikle oss og å tena meir pengar. Blant anna har me begynt å bruka styre, me investerer i nye maskinar og satsar meir på sal og marknadsføring. Me er også i ferd med å teste vatnet for sal til byggefirma også, men me kjem ikkje til å nedprioritere kontorinnreiinga av den grunn. Det handlar om å spreie risikoen og ikkje vere så sårbare slik me

erfarte av finanskrisa, seier han og legg til at no peikar endeleg tala opp att.

Knudsen junior håper at han etter kvart vil trenge fleire tilsette.

—Mykje drit

Han er tydeleg på at han ikkje kjem til å ta nokre snarvegane på vegen mot å bli større. Det vil aldri bli aktuelt å dumpe prisane på produkta slik store aktørar som XL Bygg og Montér gjer,

understrekar Roar.

— Så mykje bil-ligdører som finst i dag, øydelegg bransjen. Det er berre lokketilbod som aktørane ikkje tener pengar på. Det er uaktuelt for oss å dumpe prisane. Me er nøydde til å tena pengar for å oppretthalde kvaliteten; det heng saman,

«Håpar på å trenge fleire tilsette snart»

meiner han.

— Kva ambisjonar har du for bedrifta?

— Me ønskjer oss ei positiv utvikling med ei sunn og god bedrift der omsetninga står i forhold til kostnadane, dei tilsette trivst på jobben og me har det rette utstyret på vegen vidare.